



# Nissedal kommune



**Uprioriterte tiltak/  
Alternative innsparingstiltak  
Budsjett/økonomiplan 2023 – 2026**

**jf. kommunedirektøren sitt framlegg**

## Innhold:

<b>1. Innsparingstiltak .....</b>	<b>s. 3</b>
<b>1.1 Heile kommunen .....</b>	<b>s. 3</b>
<b>1.2 Felles .....</b>	<b>s. 4</b>
<b>1.3 Eining for oppvekst og kultur.....</b>	<b>s. 7</b>
<b>1.4 Eining for velferd .....</b>	<b>s. 11</b>
<b>1.5 Eining for teknisk drift .....</b>	<b>s. 13</b>
<b>1.6 Plan og næring.....</b>	<b>s. 15</b>
<b>2. Uprioriterte tiltak .....</b>	<b>s. 17</b>
<b>2.1 Felles .....</b>	<b>s. 17</b>
<b>2.2 Eining for oppvekst og kultur.....</b>	<b>s. 18</b>
<b>2.3 Eining for velferd .....</b>	<b>s. 21</b>
<b>2.4 Eining for teknisk drift .....</b>	<b>s. 24</b>
<b>2.5 Plan og næring .....</b>	<b>s. 27</b>

# 1. Innsparingstiltak:

## 1.1 Heile kommunen:

Innleiingsvis går ein gjennom tiltak som ikkje kan knytast til eit rammeområde, eller som gjeld heile kommunen/alle rammområda sett under eit.

### Generelt driftskutt - "Ostehøvel":

I større kommunar vert ofte endringar i driftsnivå gjort ved rammeendringar for dei ulike driftseiningane, utan å knytte dei til spesifikke tiltak. I eit driftsbudsjett av Nissedal sin storleik er det meir naturleg å knytte endringane i ramme til kva tiltak dette gjeld. Då vert det ingen overrasking for kommunestyret kva konsekvensen av budsjettvedtaket gir. Det har til tider vore nytta generelt driftskutt også i Nissedal for å oppnå balanse i driftsbudsjettet. Her kan ein tenke seg ulike fordelingsnøklar, prosentvis etter brutto/netto rammer, lønsutgifter eller ei subjektiv vurdering av driftsrammene til dei ulike einingane. Om ei la til grunn netto driftsrammer ville 1% kutt svare til ei innsparing på rundt 1,3 mill.

### Konsekvens:

På dei områda som har mykje inntekter/ekstern finansiering blir utslaga ekstra store, slik at belastninga einingane i mellom kan opplevast forskjellig. Men den største innvendinga mot denne måten å få budsjettbalanse på er at vedtakande organ for budsjett ikkje ser, eller kan vete, konsekvensane av sitt eige vedtak. Ein overlet då til administrasjonen å omsetje reduksjon av driftsramme til reduksjon i tenestnivå. I dette ligg då å gjere prioriteringar som normalt bør ligge til dei som vedtek budsjettet.

### Auke av eigedomsskatt:

Kommunen har i fleire år hatt differensiert skattesats. Hus/hytter (bygg med eigen bustaddel) har i 2022 hatt eigen sats på 2,86%. Normalsatsen er 7%, som då gjeld for alle andre bygg/eigedomar. Dette vil seie kraftverk, næringsbygg og andre bygg vert skattlagt med høgaste sats, 7%. Her er det med andre ord ikkje noko inntekspotensiale/høve ti å auke. På hus/hytter står ein fritt til å velje sats mellom 1 -4% . I budsjettframlegget for 2023 er det lagt til grunn ei inntekt på 6,3 mill. på hus/hytter, som bygger på ein skattesats på 2,86%. Ved å auke promillesats med 0,5% til 3,36% t.d., vil dette auke inntektene med omlag 1,1 mill. Ved å auke til 4% i skattesats vil auke inntektene med 2,5 mill.

### Konsekvens:

Innføring av eigedomsskatt på det nivået ein har valt, synast å ha blitt akseptert. Men ei auke av skattenivå kan sjølv sagt verke inn på denne haldninga blant publikum. Ein auke på 0,5% vil seie at ei hus/hytte med ein takst på 1 mill. får auka sin årlege eigedomsskatt frå kr 2.000 til kr 2.250. Ved å heve til 4% vil skatten for ei hus/hytte med takst på 1 mill. bli kr 2.800.

### Utnytte reglar om minste tillatte avdrag på lån:

I budsjettet for 2020 blei det vedteke å utsetje/reduere avdrag med 1,9 mill. Jf. note i rekneskapen for 2021 med berekning av minste tillatte avdrag syner dette at avdrag i 2021 er omlag 0,4 mill. høgare enn minimumsavdrag.

### Konsekvens:

Det å legge seg heilt ned mote grensa for minste tillatte avdrag gjør til at ved endra føresetnader kan bli tvungen til å betale meir i avdrag ved oppgjer av rekneskapen. Det vil og gjere til at ein må vurdere nye investeringsprosjekt opp mot desse reglane. I tillegg kjem sjølv sagt og at lengre nedbetalingstid av lån gir høgare rentekostnad totalt sett.

## 1.2 Felles:

### Redusere møtegodtgjering i kommunestyret:

Møtegodtgjering utgjør kr 200.000,- inkl. arb.g.avg. Satsen for møtegodtgjering kan reduserast. Kostnad møtegodtgjering er kr 1.858,- pr. møte (kr 1680 inkl. avg.). Ved å gå ned til t.d. kr 300,- pr. møte ville ein spare om lag kr 165.000,-.

### Konsekvens:

Økonomiske motiv er vel ikkje bakgrunnen for å taka på seg eit politisk verv. Men å forsterke inntrykket av at godtgjeringa er av symbolsk karakter kan innverke på motivasjon i høve til kontinuitet og rekruttering for politisk arbeid.

### Redusere talet på kommunestyremøte:

Redusere talet på møter med ville gje ei innsparing på om lag kr 23.000,- pr. møte.

### Konsekvens:

Redusere talet på møter vil truleg føre til lengre møter. Møta er i dag på ei lengde som må seiest å vere opp mot "kapasitetsgrensa". Skulle ein redusere talet på møter, måtte dette henge saman med ei gjennomgang av delegeringsreglementet, slik at talet på saker til behandling blei redusert. Men tida på sakshandsaming på saker som må til politisk handsaming ville uansett auke, då tida mellom kvart møte blir lengre.

### Redusere talet på kommunestyrerepresentantar:

Kommunen kan gå ned på repr. til 11. Innsparing kr 140.000,-. Vil berre vere aktuelt å endre i forkant av ny kommunestyreperiode.

### Konsekvens:

Reduksjon av talet på representantar vil "smalne" representasjonen i kommunestyret, i høve til parti, kjønn, alder, grender m.m. Talet på kommunestyrerepresentantar blei vurdert våren 2018 og det blei då fatta vedtak om å oppretthalde 17 repr. Ikke aktuelt før neste periode.

### Redusere godtgjersle til formannskapet og andre med fast godtgjering:

Fast godtgjering til formannskapsmedlemer (5% av ordførar utgjør kr 53.000 pr. medlem x 3) kr 159.000,-, 10% til varaordførar kr 103.000,- møtegodtgjering kr 1.858,- til varamedlemer, (alle tal inkl. arbeidsgjevaravgift/pensjonsutg.). Halvering av desse godtgjerslene ville gje ei innsparing på om lag kr 135.000,-

### Konsekvens:

Å sitje i formannskapet er eit tungt politisk verv. Reduksjon av godtgjersla og/eller refusjon av tapt arbeidsforteneste kan innverke på motivasjon i høve til kontinuitet og rekruttering for politisk arbeid.

### Reduksjon av godtgjering ordførar:

Ordførar i 100% kostnad kr 1.050.000 (inkl. sos. utg.). Dette jf. vedteke reglement som seiar at ordførar skal ha 85% av ein stortingsrepresentant si godtgjering. Ved å redusere godtgjersla til 80% av ein stortingsrepresentant si godtgjering gir dette ei innsparing på kr 60.000. Ved å redusere godtgjersle/frikjøp for ordførarvervet med 20% til 80% "stilling" ville dette gje ei innsparing på kr 210.000.

### Konsekvens:

Eventuelle endringar i stillings-% ordførar bør gjerast før oppstart av ein periode. Dersom ein ikkje vidareførar frikjøp i 100%, kan dette i større grad resultere i nedgang i inntekt for ordførar i høve til tidlegare stilling. då det kan vere problem å kombinere ordførarvervet med ei anna deltidstilling. Det kan vere vanskeleg å "dele" opp opphavleg stilling. Ordførarvervet stiller i stor grad krav om å vere tilgjengeleg gjennom heile veka.

Opplæringstiltak – Avsett pott heile kommunen:

Det er i budsjettet avsett kr 300.000 til fordeling av opplæringsmedel. Det er ikkje alltid organisasjonen kan vise akkurat kor mykje midlar som går til opplæring og kompetanseutvikling, sidan mykje av midlane går til vikarutgifter for at tilsette skal kunne delta på kurs. Det er i dag AMU som fordeler opplæringsmidlane. Etter arbeidsmiljøloven ligg det til AMU å fordele midlar til HMS-opplæring, men det kan vere aktuelt å organisere bruken av resten av opplæringsmidlane på andre måtar enn i dag. Målet med dette må i så fall vere å gjere meir effektiv fordeling og oppfølging av midlane. Det er viktig at det er rom for både etter- og vidareutdanning i alle delar av organisasjonen. Det er likevel mogleg å redusere ramma. Ein kan stryke denne posten og seie at all kompetanseheving skal dekkast over rammer til einingane (vil vere ein form for "oste-høvel).

## Konsekvens:

I 2014 blei opplæringsmidla mellombels kutta heilt. Dette gav mange negative utslag i høve til kompetanseutviklinga. Sidan kompetanseutvikling er ei investering i framtidig utføring av kommunen sine oppgåver, kan reduserte midlar til opplæring i dag lett føre til auka kostnader på grunn av lite effektiv eller hensiktsmessig drift i morgon. Det ligg i tillegg mykje motivasjon i kompetanseutvikling, og mange tilsette kan bli mindre motiverte av at dei ikkje får den kompetanseutviklinga dei har behov for i jobben sin.

Redusere overføring til Fellestrådet:

Overføring til Fellestrådet er 2,5 mill. Overføring til Fellestrådet er ei rammeløyving. Det er ikkje så aktuelt å vurdere enkelttiltak her. Eventuelle kutt her må bli ved eit rammekutt. Eit rammekutt på 2% ville utgjere kr 50.000 for fellestrådet og tilsvarande innsparing for kommunen.

## Konsekvens:

Store delar av budsjettet til fellestrådet er løn og lønsrelaterte kostnader. Andre store utgiftspostar er straum og forsikring som ein gjer alt ein kan for å halde så låge som mogeleg. Einaste løysing er reduksjon av stillingar. Dette vil truleg føre til redusert antal gudstenester og andre tilbod. Det vil bli endå vanskelegare å take vare på dei store kulturskattane som kyrkjene våre representerer.

Overføring til frivilligsentralen:

Frivilligsentral er ikkje lovpålagt. Frå og med 2021 har statstilskot til frivilligssentral blitt utbetalt som eit særstilskot. Kommunen bidrar i tillegg med eit kommunalt tilskot på kr 240.000. Dette kan då strykast/trekkast inn. Ein slik endring vil nok vere urimeleg å vedta allereie for komande budsjettår, men ville kunne gje reduksjon av utgifter frå 2023 på kr 240.000.

## Konsekvens:

Reduksjon av overføring på kring ein 1/3 vil gje dramatisk utslag i aktivitetsnivået til frivilligsentralen. Det vil nok bli nærast umogleg å oppretthalde dagleg leiar i full stilling. Bortfall av kommunalt tilskot vil nok fort leie til at sentralen ville bli lagt ned.

Ikkje ta inn lærlingar:

I budsjettet er det ein utgift knyt til lærling på kr 260.000 (netto ved omsyn til tilskot). Ved å slutte å gje tilbod til lærlingar kan dette omdisponerast.

## Konsekvens:

Ei satsing på lærlingar gjerast både for å ta eit samfunnsansvar for opplæringa, sikre tilflytting/tilbakeflytting og for å sikre eiga rekruttering på arbeidsområde som vi reknar med vil vekse i åra framover. Kommunen betalar ein lærling berre for den tida han eller ho yter verdiskaping i kommunen, og det blir gitt dels stønad for den opplæringa vi gir.

### Legge til grunn at lærlingar inngår i verdiskapinga:

I dag går lærlingar fullt ut på «toppen» av ordinær bemanning. Dersom ein la til grunn at lærlingar utgjør ein ressurs i høve til verdiskaping og at dei kan redusere behovet for vikar/overtid ville dette gje ei innsparing totalt sett. Ved å sette dette til halvparten av lønskostnaden til ein lærling ville dette utgjere ei innsparing på kr 180.000.

### Konsekvens:

På mindre avdelingar vil det vere vanskelig å klare å oppnå ein effekt i innsparing tilsvarande halvparten av lønskostnaden til ein lærling. Det er og stor variasjon i effektivitet/nytte ei avdeling har av ein lærling. I dei høve der lærlingen ligg i nedste del av skalaen i høve til nytte/effektivitet vil det vere vanskelig å hente ut ein effekt i høve til vikarbruk/overtid.

### 1.3 Eining for oppvekst og kultur

#### Barnehagestruktur

Nissedal kommune har ein raus og distriktsvenleg barnehagestruktur, til stor glede for dei som bur ute i grendene. Ei slik barnehagestruktur fordrar at ein har gode og fullverdige tilbod i alle barnehagane, slik situasjonen er i dag. For å møte bemanningskrav og pedagogkrav kostar derfor ein barnehage for 3 barn på Felle nesten like mykje som barnehagane i Kyrkjebygda og på Fjone.

Når ein ser framover et ein må gjere drastiske kutt i drift for å drive økonomisk forsvarleg er det naturleg å sjå på denne strukturen.

Felle barnehage har, etter prognose, 4 barn frå hausten 23. i 2022 er det 7 SFO-elevar på Felle. Dersom ein stenger barnehage og SFO på Felle vil ein kunne tilby barnehagebarna på Felle plass i Treungen barnehage utan å auke bemanninga der. Det kjem av stordriftsfordelen med ein stor barnehage. SFO på Tveit skule er hardt pressa på bemanning, og ein vil derfor måtte auke bemanninga på SFO Tveit med 100% stilling for å få plass til dei 7 elevane frå Felle.

Innsparingspotensiale:

Kutte driftsutgifter: 2 050 000 kr

Auke 100% SFO Tveit: 550 000 kr

*Sparing: 1 500 000 kroner årleg*

Fjone barnehage har, etter prognose, 10 barn frå hausten 23. i 2022 er det 2 SFO-elevar på Fjone. Også desse barna vil ein kunne tilby plass i Treungen barnehage utan å auke bemanninga.

Innsparingspotensiale:

Kutte driftsutgifter: 2 700 000 kr

Ressursar som følgjer med til skulen hausten 2023: 800 000 kr

*Sparing: 1 900 000 kroner årleg*

NB! Ein legg ikkje opp til ei ordning med å tilby kommunal støtte til kjøp av barnehageplasser i andre kommunar eller skyssordningar.

Konsekvens:

Det er store konsekvensar for familiare som bur i desse grendene med tanke på logistikk ved henting og bringing opp mot arbeidssituasjon. Samtidig kan ein sjå fordelane av større barnemiljø og fleire vener å velje mellom. Ein er nokså sårbar i små miljø om ein fallar utanfor.

Nedlegging av desse to barnehagane til saman vil resultere i at om lag 5 stillingar blir overtallige, etter at SFO er styrka på Tveit og ressursar er flytta til skulen. Nedbemanningsprosess etter reglement om dette vil bli iverksett.

#### Skuleskyssreglement

Nissedal kommune har eit raust skuleskyssreglement, der ein har vurdert fleire vegstrekningar som trafikkfarlege. Slike strekningar som elles ikkje kjem inn under fylkeskommunale reglement betalar kommunen for sjølv. Til dømes får alle elevar frå 1.-7. klasse på Tveit skule gratis skyss om dei bur sør for brua, noko som ikkje ville blitt dekt ordinært av fylkeskommunalt reglement. Det vil vere mogleg å spare inn ein god del på å omdefinere nokre strekningar frå trafikkfarlege til ordinær sats.

Innsparingspotensiale: 130 000 kr årleg

Konsekvens: Som trafikksikker kommune går vi mot våre egne vyer ved å justere ned frå farleg til ordinær skuleveg på slike strekningar. Samtidig kan ein tenkje seg at ei ROS-analyse ikkje ville vise stor fare ved å krysse brua sidan den både er lysregulert, har 40 km/t og det ikkje har vore ulykker på brua.

#### Kutte ut kommunal reduksjonsordning for foreldrebetaling i barnehage og på SFO

Regjeringa har gode ordningar på reduserte satsar for familiar med låg inntekt. Ingen skal betale meir enn 6% av inntekta si på barnehage- eller SFO-plass. I tillegg er det gratis kjernetid i barnehage og 12 timar gratis SFO for 1. klassingar.

Kommunen har eit eige reglement for foreldrebetaling som gir familiar med låg inntekt større reduksjon enn det som er lagt opp til av staten.

Pr i dag gjeld dette for:

#### Barnehagebarn:

7 barn med 100% kommunal sats (400,- for 5 dager i veka): 2800 kr

3 barn med 80% kommunal sats (310,- for 4 dager i veka): 930 kr

#### SFO:

4 barn 13-20t/veke kommunal sats (400,- - full SFO plass): 1600 kr

Noverande brukarbetalingar (inntekt) på denne gruppa: 5330 kr

Med regjeringas satser vil ein gjennomsnitt inntekt på 270 000 gir etter reduksjon og gratis kjernetid ein kostnad på 820kr for full plass, noko som tilseier 656 kr for 80% plass.

På SFO gjeld dei same 6%, i tillegg er det gratis 12 t for 1. klasse.

Dersom ein legg til grunn gjennomsnittet for inntektene på 270K og ei potensiell auke i inntekter etter regjeringas reduksjonar ville vi få inn:

#### Barnehagebarn:

7 barn med 100% plass: 5740 kr

3 barn med 80% plass: 1968 kr

#### SFO:

4 barn 13-20t/veke: 3280 kr

Totalt per måned: 10 988 kr

Potensiell auke i inntekter per måned: 5658 kr

#### Årsbasis:

Barnehage: 43 758kr (11 mnd)

SFO: 16 800 kr (10 mnd)

Totalt: 60 558 kr

Konsekvens: Nokre familiar vil oppleve å få høgare utgifter til barnehage og SFO, men aldri meir enn 6% av inntakta, jf. statlege retningslinjer.

Konklusjon: Kommunen kan ved å fjerne den kommunale ordninga med ekstra reduksjon i brukarbetaling auke inntektene sine med om lag 60 000 kr årleg.

### Skulefrukt

Nissedal kommune betalar i dag for skulefrukt for alle elevar. Det er eit godt tilbod som favnar om alle elevar. Nasjonal fruktordning har opphøyrd, så dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

I 2021 kosta det om lag 80 000 kr å betale for denne skulefrukta. Dette er pengar in kan spare dersom ein vel å avslutte tiltaket. Samtidig er det viktig å vere klar over at for mange elevar er dette ein av få kjelder til frukt/grønt dei får i løpet av dagen. Fordelane med frukt og grønnt opp mot læring er godt kjende og bør takast med i vurderinga. Det blir i dag bestilt opp frukt til 70% av elevtalet, for å redusere svinnet vi så tidlegare. Dagens nivå er bra, dersom tiltaket held fram.

Potensielt kutt: 80 000 kr.

### Skuleskyssreglement

Nissedal kommune har eit raust og godt skuleskyssreglement, som t.d. gir alle elevar i 1. -7. klasse som bur sør for brua gratis skuleskyss, uavhengig av fylket sine kilometergrenser. Elevar som bur langs strekningar utan gang/sykkelsti og/eller ved særleg farleg skuleveg, definert som riks-/fylkesvegar med 50km/t eller meir, utan gang/sykkelsti. Fylket gir gratis skuleskyss til elevar i 1. klasse som bur 2 km eller meir frå skulen, og for elevar i 2.-10. klasse dersom dei bur 4 km eller meir frå skulen. Dersom Nissedal kommune endra skuleskyssreglementet til å berre gjelde dei elevar som er innanfor fylkeskommunen sitt reglement, ville ein spreie store utgifter på skuleskyss.

Konsekvens: Risiko for ulykker og eit tilbakesteg for status som "Trafikksikker kommune"

Potensiell innsparing: Einingsleiar er i dialog med fylkeskommunen/Farteskys, men har enda ikkje fått tilbakemelding på differansen her.

### Skuleekskursjonar:

Om ein tek vekk deltaking i Tine-stafetten, skidagar til Gautefall, felles møte mellom alle elevane i Nissedalsskulen etc., kan ein spare noko, anslagsvis kr 40.000.

Konsekvens:

Mindre variert fysisk aktivitet. Færre avbrekk – dagar elevane ser fram til.

Ein får ikkje høve til å gjennomføre "Plan for overgangar". Den inneber at alle elevane i ved skulane i Nissedal møtast nokre gonger i året for felles arrangement og undervisning.

Mindre bruk av nærmiljøet. Redusert lokalkunnskap

### Redusere kursbudsjett

Kursing og opplæring er ein viktig del av å syte for at tilsette er fagleg oppdaterte. Samtidig bidreg kursing til meir motivasjon og inspirasjon. Likevel melder fleire av avdelingsleiarane i eininga om at dersom ein må spare, er dette ein post som er mogleg å ta frå. Det er ikkje ønskjeleg, men sett opp mot reduksjon i bemanning er det meist fornuftig å kutte i kursmidlar.

Innsparingspotensiale i eininga: 50-100 000 kr.

### Redusere opningstida i barnehagane:

Barnehagane har ei opningstid på 9,5 timar pr. dag.

Ved å redusere opningstida til å gjelde 8,5 timar pr. dag vil kommunen likevel oppretthalde eit heildagstilbod til brukarane. Heildagstilbod = 41 timar eller meir pr. veke.

Konsekvens:

Ved å redusere på opningstidene vil tilbodet bli lite fleksibelt. Det er lange avstandar i kommunen, og mange har lang kjøreveg til arbeidsplassen sin.

Ved å redusere opningstidene i barnehagen vil mange få utfordringar med å nytte barnehagetilbod i nærmiljøet sitt. Innsparing: kr 150 000,- .

Barnehagane stengt heile juli måned:

Kommunen får brukarbetaling 11 månader i året. Barna er i fylgje vedtektene pålagt å ha ferie 4 veker i året, der minst 3 av desse vekene skal vera samanhengande. Ferien skal og vera knytt til dei to vekene barnehagen er stengt i juli.

Tidlegare tok dei fleste barna ut fire vekers sommarferie. Dette har endra seg i det siste. Mange tek nå sommarferie i 3 veker, og har den siste veka spreidd utover året.

Den same trenden for ferieavvikling ser ein hos dei tilsette. Vi har og etter kvart blitt fleire i personalgruppa. Dette krev fleire vikarar til ferieavvikling, - og fleire vikarar gjennom året. Ved å avvikle pålagt ferie i juli måned for barn og vaksne vil desse kostnadane bli redusert. Ved å halde stengt heile juli måned gjev dette eininga nokre dagar "ekstra" til planlegging eller eventuell avspasering då juli måned har 31 dagar. Innsparing stipulert til kr. 100 000,-.

## Konsekvens:

Dersom barnehagen held stengt heile juli-månad vil det kunne ha utfordringar for ferieavvikling i andre einingar. Det vil vera eit lite fleksibelt tilbod og binde opp ferieavvikling både for tilsette og foreldre. Dette tiltaket har vore oppe til vurdering tidlegare og det blei mykje uro kring dette då. Tiltaket går imot føringane frå staten som legg opp til at kommunane skal ha fokus på brukarane sine behov for barnehageplassar.

Barnehagane stengt i 3 veker i juli

Dei siste åra har fleire av barnehagane vore stengt i 3 veker på sommaren, og det kan derfor vere eit alternativ å ha feriestengte barnehagar i 3 veker, i staden for to som det er no, jamfør vedtektene. Det gjer eit meir fleksibelt tilbod enn å ha stengt heile juli, og det legg opp til innsparing på vikar på om lag 50 000

Konsekvens: same som over, men i litt mindre grad.

Kutte kulturmidlar og prosjektmidlar til lag og organisasjonar:

Kutte tilbodet om støtte til drift og prosjekt for lag og organisasjonar i kommunen. Årleg deler eining for kultur ut kr 125.000,- til dette.

## Konsekvens:

For mange av dei frivillige laga i kommunen, er kulturmidlar den einaste støtte dei får til drift. Det vil ha ein konsekvens for fleire av laga som ikkje har andre inntekter, om støtta frå kommunen fell bort. Støtte til lag og organisasjonar i ein kommune er ikkje lovfesta, og kommunen kan såleis velje om dette er midlar som ein ynskjer å dele ut. Konsekvensen kan vere at det rike frivillige livet i kommunen kan ha vanskeleg drift, og bli mindre mangfaldig enn det er i dag.

Avvikle tilbod om kino:

Bygdekinoen har eit budsjett på kr 83.000 der det meste av dette går til løn. Det er kino i Fleirbrukshuset to gonger i månaden og det er bygdekinoen som viser film. Bygdekinoen har lagt om til digital framsyning og vi får eit utval av dei nyaste filmene, tidleg. Om ein legg ned tilbodet om bygdekino, vil det gje ei årleg innsparing på kr. 83.000.

## Konsekvens:

Kino i Fleirbrukshuset har blitt eit svært populært tilbod, noko mange gleder seg til. Dette er eit tilbod mange vil sakne om det forsvann. Næraste kinoar er Arendal, Porsgrunn/Skien og Seljord. Det er bygdekino i Åmli.

## 1.4 Eining for velferd

### Legge ned lågterskeltilbodet, Fredagsgruppa på Mila aktivitetssenter:

Tilbodet på Mila annankvar fredag er eit lågterskeltilbod. Det vil sei at ein treng ingen henvisning for å ta kontakt og hjelp. Fredagsgruppa starta opp i 1999 og har 20 års drift. Totalt har 44 personar nytta dette tilbodet. 28 personar har nytta tilbodet fast over mange år. Fredagsgruppa har gitt desse personane og deira familiar ein betre kvardag. Tilbodet blei frå 2020 redusert frå kvar fredag til annankvar fredag. Det er i dag 10 brukarar av tilbodet.

Legge ned Fredagsgruppa vil gje ei innsparing på kr 55.000,-

1 tilsett har med 10% stilling må avviklast for å få økonomisk effekt.

Konsekvens:

Det kan bli meir naudsynt med hjelp i frå spesialisthelsetenesta og meir bruk av kommunal psykisk helseteneste. Over tid har ein sett at samling av personar med psykiske vanskar/utfordringar har hatt stor nytteverdi for både den enkelte brukar og tenesta. Fleire av brukarane vil miste sitt einaste tilbod.

### Redusere/ legge ned dagsenteret på Mila aktivitetssenter:

Mila aktivitetssenter gir tenester etter vedtak til vaksne personar med funksjonsnedsetjing, som treng kommunalt tilbod på dagsenter. 13 personar har tildela denne tenesta etter Helse- og omsorgstenestelova.

Mila aktivitetssenter gir tilbod om vidaregåande opplæring, språkpraksis, arbeidsutprøving/trening, arbeid med bistand, utplassering frå Tveit skule, sal av plassar, dagleg tilsyn, drift og utleie/lån av huset.

- Redusere aktiviteten på dagsenteret til 3 dagar i veka, kan gje ei innsparing på kr 115.000. Ein må då redusere bemanninga med 20% stilling, som må avviklast for å få økonomisk effekt.
- Legge ned dagsenteret alle 4 dagane i veka kan gje ei innsparing på kr 915.000,- Det er lønsutgifter til ei tilsett i 80% og 20% stilling, som må avviklast for å få økonomisk effekt og driftsutgifter. Dersom ein legger ned Mila aktivitetssenter vil eininga for teknisk få innsparing til drift av bygning.

Konsekvens:

Målet til Mila aktivitetssenter er å bidra til at alle som nyttar tilbodet får ein aktiv og meningsfylt kvardag i eit sosialt fellesskap. Helse- og omsorgstenestelova §1.1. gir brukargruppa som nyttar dagsenteret, rett til denne tenesta. Eit redusert tilbod vil føre til færre aktivitetstilbod, mindre moglegheiter for brukarane og redusert moglegheit til å utvikle Mila aktivitetssenter vidare. I dag har tenestemottakarane vedtak om 4 dagars dagtilbod med tilrettelagt arbeid. Vert dagsenter tilbodet redusert/ lagt ned må ein finne andre alternative aktivitetstilbod for å ivareta lovverket. Ein må finne andre alternativ til aktivitetar og eigna lokalar tilpassa ny drift. Ein kan ikkje på noverande tidspunkt vite kor stort innsparingspotensiale denne reduksjonen/nedlegginga vil gje, sidan brukarane har ein lovfesta rett til denne tenesta. Eininga for helse og habilitering vil få ei auke i tenesta innan psykisk helse og ved Kåsa bu og avlasting, då brukarane vil oppleve eit dårlegare tilbod.

Brukarane av tenesta vil få ein dårligare livskvalitet, då Mila er ein kjent og trygg plass, som gir eit godt tilbod til alle som oppheld seg der. Ein har sett effektane av nedstenging av dagsenteret under Korona tida no, og det har ikkje vore positivt. Brukarane vert meir urolige og utålmodige og det kan føre til ugreie situasjonar som reduserer livskvaliteten til brukarane og vil kunne krevje meir personale,

Reduksjon av tilsette på kjøkkenet frå 2 til 1 person i vekene:

Personalet på kjøkkenet har to tilsette på dagtid kvar dag i vekedagane. I helgene er det berre ein tilsett på jobb. Ved å redusere aktiviteten på kjøkkenet, og i tillegg gå over til meir ferdigprodusert mat, kan man mogligvis gå ned til grunnbemanning på 1 person kvar dag, og vil kunne spare inn 60% stilling her. Innsparing 60% stilling her vil bli ca. Kr. 300.000,-

Sjølv om innsparinga i utgangspunktet kunne vært ei 100% stilling, er ikkje dette mogleg, Avdelingsleiar på serviceavdelinga har pr. i dag ingen dedikert administrasjonsressurs og hentar ut si administrasjonstid i dagens bemanningsituasjon. Dersom reduksjonen vert vedteke må avdelingsleiar få tilført ein ressurs på 20% av innsparinga på personell til administrasjon. I tillegg må det være 2 personar på kjøkkenet på fredag for å tilrettelegge middagar i helga. Difor vert innsparinga berre på 60% stilling.

**Konsekvens:**

Sal av middagar frå kjøkkenet på NOS vil bli sterkt redusert og berre dei som har store behov vil kunne få kjøpe middag. Dette fordi kapasiteten til å lage ekstra middag, pakke porsjonane og ikkje minst tida til administrasjon av dette fell bort.

Kjøkkenet må slutte å bake brød og kaker og må kjøpe inn ferdig produkt. Dette vil og gjelde annen mat, der ein må kjøpe inn meir halvfabrikat eller ferdigproduserte varer som vil kunne gå utover kvalitet og smak på maten. Slik mat er og dyrare i innkjøp.

Moglegheit til å produsere tilpassa mat, vil bli sterkt redusert, slik at dei som frå før slit med å få i seg mat ikkje kan dra fordelar av denne moglegheita.

Fagmiljøet på kjøkkenet vert redusert og det kan bli vanskeleg å behalde og rekruttere kvalifiserte tilsette. Kapasitet utover vanleg drift vert umogleg, dvs at tenkte tiltak i framtida ifht ny kvalitetsreform «Leve heile livet» må skrinleggast. Tilsette på kjøkkenet må kanskje og jobbe annan kvar helg dersom innsparinga vert ein realitet. Elles vert stillingane særdeles små.

Vil også føre til oppseing av personale.

## 1.5 Eining for Teknisk drift:

### Fjerne tilskot til privat veg:

Innsparing ca. kr 267.000. Kommunen gjev eit vedlikehaldstilskot på kr 12 pr. m til private vegar lengre enn 500m. I alt er det 16 vegar med i ordninga og veglengdene varierer frå 400 m til 5400 m.

### Konsekvens:

Vil gje ein ekstra belastning for dei som bur i utkantane i kommunen. Kan gjennomførast på kort varsel.

### Leggje ned kommunal drift av Fjoneferja:

Innsparing ca. kr 300.000 – 400.000. Kommunen sin kostnad er eit driftstilskot på kr 150.000 (200.000 – inkl. løn til ekstra skipper) samt div. forsikringar, kontrollar og større vedlikehaldsjobbar. Det har i 2022 blitt gjennomført ein del vedlikehald/repasjoner på ferja, men den bærer preg av at den er frå 1976. Alder på ferja tilseier at det kan kome kostbare reparasjonar på motor og drivverk. Kommunen jobbar aktivt saman med Fylkeskommunen for å få overført drifta til dei ettersom ferjesambandet bind saman to fylkesvegar. Ein var førespegla at dette kunne skje i 2023, men prosessen går tregt og ein kan nok ikkje forvente ei avklaring før i 2024-25 .

### Konsekvens:

Om drifta av ferga blir overtatt av Fylkeskommunen vil dette truleg ikkje ha nokon konsekvens for dei som bur på Fjone eller for turistnæringa, men kommunen vil kunne spare utgifter knytt til drift. Eventuelt kan kommunen prøve og selje ferja til private aktørar, men har då inga påverknad på ferjetider og prisar, og dette kan ha negative konsekvensar for dei som bur på Fjone og turistnæring.

### Privatisere kommunale vegar der det ikkje ligger kommunale VA-leidningar:

Vegar som er kommunale utan infrastruktur for VA er; Skokedalsfjellet-Skåli på Felle, Fjone-Fjalestad på Fjone, Nordbygda i Nissedal, Heimdalsvegen i Treungen. Reell innsparing vil vere ca. kr 380.000,-, dersom ein legg til grunn at oppsittarane av desse vegane då vil få tilskot for kommunal veg. Innsparinga vil hovudsakleg gjelde brøyting og strøing da alle vegane er asfaltera med unntak av Skålivegen på Felle. Vegar med kommunale leidningar kan også leggest ned dersom ein greier å framforhandle rettar til drift og vedlikehald av leidningsnett, dette er truleg ikkje lett løysbart.

### Konsekvens:

Vegane vert ført tilbake til oppsittarane. Krev ein lengre prosess og avklaringar med oppsittarar. Vil truleg ta 1 til 2 år frå vedtak er gjort til privatisering er gjennomført. Kan vanskeleg gjennomførast saman med fjerning av tilskot til privat veg.

### Sele Hugsjåsund barnehage:

Bygget er ikkje lengre i bruk som barnehage og den delen står unnytta. Øvre etasjen nyttast av grendelaget. Sjølv om bygget ikkje er i bruk har ei kostnadar til drift. Om ein vel å sele bygningen vil ein kunne spare omlag 30-50.000,- i årlege driftskostnadar. I tillegg kjem også vedlikehaldskostnadar på bygginga.

### Konsekvens:

Kommunen vil få eit bygg mindre å syte for vedlikehald av. Om ein skulle ynskje å starte opp igjen barnehagen på Haugsjåsund så vil ein ikkje ha tilgang til egna lokale.

Vedlikehold av idrettsanlegga:

Anlegga overført til idrettslaga, innsparing ca. kr 25.000,- Kommunens drift går på grasklipping, vatning og anna vedlikehold på fotballbanane for Nissedal og Treungen idrettslag.

## Konsekvens:

Idrettslaga får auka sine utgifter tilsvarande eller må høgne sin dugnadsinnsats.

Stenging redusert sesong av bassenget:

Eininga har ansvar for drift av symjebassenget i fleirbrukshuset. Ein har gått gjennom og prøvd å rekne ut kostnadene for straum og kjemikaliar. Straum er utfordrande å rekne ut da det er ein straumålar for storskulen og fleirbrukshuset. Bassenget er i drift ca. 7 månader i året. Ein har kome fram til at ein har ein ekstra kostnad på stram og kjemikaliar på 80.000,- pr. sesong. Ein har ikkje rekna inn timar for drift og reinhald da dette er rekna inn som ein naturleg del av arbeidsoppgåvene til vaktmeister og reinhald. I tillegg kjem evt. utgifter til reparasjonar og anna vedlikehold som er naudsynt. Oppgradering av bassenget vil vurderast saman med ombygging/oppgradering av storskulen/ungdomskulen. Ein kan vurdere å redusere antal veker/månader bassenget er opent, men dette vil gje ei svært beskjeden innsparing.

## Konsekvens:

Bading er eit populært aktivitetstilbod til lokalbefolkning og hytteturistar vinterstid og er eit viktig tilbod til barn og unge i forbindelse med symjeopplæring i skulen. Bassenget nyttast også mykje av personer som har nedsett funksjonsevne som eit viktig ledd i trening/opptrening. Om ein stenger ned bassenget heilt vil desse aktivitetane forsvinne heilt ettersom ein ikkje har andre tilbod som kan erstatte dette.

## 1.6 Plan og næring:

### Auke gebyrinntektene innanfor sjølvkostområda:

Sidan arbeidet både med kart/oppmåling og byggesaksbehandlinga er underlagt sjølvkost-prinsippet, er det eit mål å ha full inndeckning på desse områda. I 2021 var dekningsgraden for oppmåling 137,6 % og for byggesak 183,6 %. Også for 2022 blir dekningsgraden betydeleg over 100 % for begge sjølvkostområda. Eventuelle overskot (dvs over 100%) må avsetjast på sjølvkostfond. Slike fondsavsetjingar kan nå bare brukast til å dekke framtidige underskot. Pr. 1/1-22 var desse sjølvkostfonda på høvesvis kr 583 657 og kr 949 984.

### Konsekvens/konklusjon:

Inntektsauke på sjølvkostområde som går med 100 % inndeckning, kan ikkje kome kommunen til gode, men må setjast på fond som igjen bare kan gå til å dekke inn eventuelle framtidige underskot. Med stor variasjon frå år til år, vil det vere ein fordel om det kan byggast opp sjølvkostfond på begge områda for å kunne utjamne sterke svingingar. Om sjølvkostområda vedvarande syner dekningsgrad over 100 %, må derimot gebyrnivået senkast.

### Utgiftsreduksjon utanfor sjølvkostområda:

Utgifter utanfor sjølvkostområda er i hovudsak lønsutgifter innom kommunal arealplanlegging (kommuneplan- og kommunedelplanarbeid). Dette er arbeidsfelt som kommunestyret har ønska å styrke, og der det også har vore eit ønske om å kunne utføre mest mogleg av arbeidet i eigenregi. Det ligg ikkje klare innsparingar i å setje bort slikt arbeid til private firma. Einaste innsparingsmoglegheten vil då vere å senke ambisjonsnivået innom feltet.

### Konsekvens/konklusjon:

Siste års erfaringar der kommuneplanane både i Kviteseid (2019) og Nissedal (2021) er reviderte i eigenregi, viser at dette let seg gjennomføre, at det sparer kommunane for konsulentutgifter, og at det gir eit større eigarforhold til planinnhaldet. Ei innsparing i form av mindre årsverk på kommuneplanarbeidet, vil slå negativt ut både for gjennomføringsevna og fagmiljøet.

### Redusere pott for næringsstøtte:

I budsjett for 2022 er det avsett (politisk/administrativt), kr 197 000 til næringsstøtte. I tillegg overføring til Telemarksvegen (kr 30 000) og overføring til friluftsrådet sør (kr 15.000). Total bruk av kraft-/næringsfondsmedel er kr 242 000. Bruk av kraft-/næringsfondsmedel er avgrensa gjennom vedtektene kva dei kan nyttast til. Men kraft-/næringsfondet kan nyttast til å finansiere delar av kommunal drift. Ved å redusere pott for næringsstøtte med 25% frigjer dette om lag kr 60.000.

### Konsekvens:

Dette gir tilsvarande reduksjon i kva som vil bli gitt i næringsstøtte til etablering og utvikling av lokalt næringsliv. Kva konsekvens dette faktisk gir i høve til aktiviteten på dette området er sjølvsagt vanskeleg å vere konkret på.

### Redusere omfanget på turistinformasjonen:

Det er inngått avtale med ein næringsdrivande fram til 2023, om drifting av turistinformasjonen. Avtalen har ei oppseiingstid på 6 mnd. Avtalen har ei økonomisk ramme på kr 130.000. Ved å halvere omfanget, etter utløp av avtalen, evt. sei opp avtalen kan det gje ei innsparing på kr 65.000.

### Konsekvens:

Ved å ta bort eller redusere opningstidene på turistinformasjonen vil dette truleg påverke talet på turistar som stansar i sentrum, og nyttar seg av dei ulike tilboda som finnast i kommunen. Dette gjeld vel både reiselivsverksemdar og det øvrige næringsliv. Ved å redusere omfanget kan det og verke inn på interessa for ein næringsdrivande til å ta på seg oppdraget.

Redusere profileringstiltak:

Det er avsett kr 247 000 til Visit Telemark/ulike profileringstiltak. (fin. med næringsfondsmedel). Dette går til deltaking i ulike turistbrosjyrar og andre tiltak, først og fremst relatert mot reiseliv. Noko er bunde opp i avtaler, men på sikt kan det meste avviklast og gje ei innsparing på kr 247 000.

## Konsekvens:

Dersom heile potten blir fjerna vil ikkje Nissedal figurere i noko turistbrosjyre og vil i turistsamanheng framstå meir eller mindre usynleg.

Avvikle ordninga med lønstilskot sommarjobb for ungdom:

Lønstilskot vert gitt med kr 35 pr. time i inntil 150 timar. Totalt kostar dette tiltaket om lag kr 41 000. Finansiert med næringsfondsmedel. Kan avvikle denne ordninga omdisponere næringsfondsmedel og spare kr 40 000,-

## Konsekvens:

Ved t.d. redusere maksimum timar ned til 100 timar. Frigjer ein om lag kr 20.000. Tilskotet ville bli mindre pr. ungdom. Ville kanskje gjere til at færre arbeidsgjevarar nytta seg av ordninga og færre ungdomar får sommarjobb.

## 2. Uprioriterte tiltak:

### 2.1 Felles:

#### Lærling:

Kommunen har i dag 2 lærlingeplassar. Dette er meir enn "normen" i høve til folketal. Det dukkar til tider opp spørsmål om vi kan ta imot lærlingar der vi ikkje er istand til å ta imot på bakgrunn av at dei 2 plassane vi har er oppfylt. Spørsmål kan kome både frå lokale ungdomar og utanbygds. Ei auke i lærlingeplassar kan knytast opp til samfunnsansvaret i høve til å gje ungdom ein fagutdanning og kan vere ei god kanal til å rekruttere fagutdanna tilsette. I tillegg kan dette og sjåast i samanheng med folketalutvikling. Ein lærlingplass kostar omlag kr 135.000.

#### Lønstilskot sommarjobb ungdom:

Kommunen gir kr 35 i timen i tilskot for sommarjobb til ungdom mellom 16-18 år. Denne summen har ikkje blitt endra på svært mange år. Ved å auke denne til kr 50 vil det seie å auke utgifta til denne ordninga med omlag kr 17.000 (er finansiert med næringsfond. Må derfor finne andre tiltak som kan finansierast med næringsfond om dette skal gje ei innsparing).

#### Felles tenestebil:

Det er nå to tenestebilar som nyttas av tilsette i heile kommunen. Ein Nissan Leaf (2021-mod.) og ein Skoda frå 2016. Skodaen har nå gått 175.000 km og det byrjar å dukke opp ulike tekniske utfordringar. Dersom ein framleis skal ha eit «pålegg» for tilsette å nytte kommunale bilar på tenestereiser bør dei bilane vi har til dette formålet vere av god teknisk kvalitet. Ny bil vil kosta ein stad mellom kr 350.000 til kr 450.000.

#### Omgjering lokaler Teknisk og Plan

Kontorlokale til teknisk og plan er slitt og lite tidsmessige. I tillegg er kapasiteten låg. Det er laga skisser med kostnadskalkyle for korleis lokalene kan gjerast om:

## 2.2 Eining for oppvekst og kultur:

### Oppgradering i Treungen barnehage: Pri 1

Det er eit *prekært behov for oppussing* på «storesida» i Treungen barnehage. Storesida er svært forfallen og ber preg av mange års bruk. Kjøkkenet er gammalt og nedslitt, med synlege teikn på alderdom. Kledninga ved personalinngangen og på andre sida råtner. Dette er ikkje berre eit spørsmål om estetikk og fysisk miljø for barn og tilsette, men også ei kjend utfordring ved eit eventuelt besøk frå mattilsynet. Slitte overflater gir utfordringar med reinhald. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular krev vedlikehald (og vedlikehaldsplan) mellom anna for å sikre godt reinhald.

Kostnad ved dette tiltaket er ikkje berekna, avventer svar frå snekker/teknisk.

### Skulebibliotek: Pri 2

Nissedal folkebibliotek har i 2022 fått midlar frå Utdanningsdirektoratet til å utvide skulebibliotekdelen av Nissedal folkebibliotek. Målsettinga med prosjektet har vore å sette fokus på leselyst, inkludering og utjamning av skilnadar. Det å kunne meistre lesing, har svært mykje å seie for vidare utvikling og meistring i livet som vaksen. Å sette fokus på leselyst og meistring, vil ein kunne førbyggje skilnadar og utanforskap seinare i livet.

Etter at prosjektperioden er ferdig, ynskjer vi å halde fram med dette tilbodet inn til skule og barnehage, og gje skule fagleg rettleiing på litteratur, inspirasjon og hjelp i biblioteket for å stimulere til leselyst i alle aldrar i skulen.

Det er naudsynt å auke stilling i biblioteket med 20% for å kunne halde fram med tilbodet om skulebibliotek etter at prosjektperioden er ferdig.

Kostnad: Auke med 20% stilling 150.000,-

### Utvida kulturskule: Pri 3

Nissedal kommunale kulturskule har til saman, med lærarar og rektor, 162% stilling, fordelt på rektor og lærarar som underviser i song, gitar, bass, piano, teater og band.

På ordinære undervisningstimar er det 52 plassar i kulturskulen. Det har i mange år vore stor søknad på kulturskulen, og ventelister. Med det nye tilbodet om støtte frå kontingentkassa, er det no enno fleire born som kan søkje, men vi har dessverre ikkje nok plassar å tilby. Kulturskulen er ein svært god integrerings- og meistringsarena og det hadde vore fint å kunne tilby alle som ynskjer det, plass i kulturskulen.

På landsbasis går søkjartalet på kulturskulen ned, medan det i Nissedal går opp.

Om ein aukar ressursen i kulturskulen med 20%, vil det gje dei som står på venteliste kvart år, høve til å delta.

Kostnad 20% stilling: kr. 150.000.

### Fornye lærar-PCar: Pri 4

Det er eit behov for å fornye pc-ar for lærarar på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule. Ein reknar med at ein pc har ei levetid på 5 år, og fleire av maskinene som skule har i dag, er lang over 5 år.

Kostandane til dette er 90.000.

Tiltaka under er ikkje i prioritert rekkefølge.

### Nytt opplag av Nissedal bygdesoge, Gard og Ætt Treungen sokn

Bygdesoga gard og ætt i Treungen sokn er nesten tom, det er berre 5 bøker igjen til sals.

Ein ynskjer å trykke opp nytt opplag av denne boka, som omhandlar alle gardar og familiar som har budd på desse, i Treungen sokn.

Kostnad: kr 90 000 – 115 000 (avhengig av opplag 200-300).

Garantimidlar/pott til arrangement på kultur:

Det er behov for ein eigen pott til arrangement på Fleirbrukshuset. Budsjettet, slik det ligg no, gjev ikkje rom for større arrangement. Om ein ynskjer kulturkveldar og andre arrangement på eit litt høgare nivå, er det behov for ei ramme for dette. Ein vil sjølvsagt jobbe med å gjennomføre arrangement, men ein har ikkje råd til å ta risiko. Slik det er no, må alle arrangement stå seg økonomisk med ei lita kommunal ramme og billettinntekt. For å kunne gje eit breitt tilbod og å kunne produsere nokon framsyningar sjølve, som kulturkveld, bør ein ha ein pott til dette. Anten ved ei eingongsløyving i ein pott, eller som ei varig auke i budsjettet. Det er utdeling av kulturpris annankvart år. Dette er eit arrangement det er høge forventningar til, men som det ikkje er avsett midlar til i budsjett. Det bør settast av midlar til dette, då det ikkje har stått seg økonomisk dei siste åra det har vore arrangert. Kostnad: 50.000,-

#### Reell medverknad for ungdomsrådet:

Reell medverknad er eit aktuelt tema, og noko ein lenge har arbeidd for å få godt grep om. Når vi skal involvere barn og unge stoppar det ofte opp ved “innspel” og “dialog”, men ungdommen svarar framleis negativt på direkte spørsmål om råderett. Vi er stolte av å endeleg ha på plass eit vitalt ungdomsråd, som har vore etterspurt både politisk og administrativt. Det er likevel ein fare at også dette berre blir ein stad der ungdommen får kome med innspel, noko i dialog, men ikkje lenger. Vi ønskjer derfor å gje ungdomsrådet ein pott på 50 000 kr årleg som dei har råderett over, med nokre retningslinjer og under kyndig rettleiing av ungdomsrådet sin koordinator. Retningslinane kan vere at dei går til lokalsamfunnet, barn- og unge, osv. Døme på tiltak sett i gang av andre ungdomsråd med slike ressursar har vore å pusse opp noko på ein skule, nye leikeapparat, konsert, lan, osv.

Kostnad: 50 000 kr årleg

#### E-sport:

Nissedal kommune har eit imponerende stort spekter av fritidsaktivitetar for barn og unge. Likevel er det nokre ungdom ein ikkje når fram til. Nokre barn og unge er ikkje interesserte i tradisjonell idrett. For mange av desse består fritida av dataspel/gaming. Idealistisk sett kan ein halde fram med ein strategi der målet er å få desse ut av spelverda og inn i idretten, men erfaring syner at dette ikkje er reelt for alle. E-sport har etter kvart blitt meir og meir vanleg som eit tilbod til barn og unge. E-sport er ei samlebetegning på den organiserte delen av den konkurransebaserte gaminga, og kan utøvast på pc, spillkonsoll eller mobil. Fleire og fleire anerkjenner nå gaming som sosial aktivitet og ser verdien det har for gamerne. I staden for å halde fram med negativt blick på gaminga, bør vi løfte det fram med sin eigenverdi og lage eit tilbod også for denne gruppa barn- og unge. Fleire kommunar melder at der dei har fått i gang eit e-sport-tilbod, har ungdommen som deltek der sakte men sikkert også begynt å delta i anna fritidsaktivitet. Vi legg ikkje opp til lønsutgifter her, men håper at nokon i det frivillige kan tenkje seg å bidra.

Kostnad: Utstyr 100 000 kr

#### Plantering, grusing og ljøs på parkeringsplass ved Kyrkjebygda oppvekstsenter.

Parkeringsplassen til oppvekstsenteret har eit veldig ujamnt dekke og er utan ljøs. Dette fører til dårleg brøyting om vinteren og farlege situasjonar i mørketida når foreldre slepp av og på elevar og barnehagebarn og tilsette skal parkere og/eller køyre ut av parkeringa.

Tiltaket er ikkje kostnadsberekna. Tiltaket er og lagt inn i handlingsplanen for trafikksikkerheit.

Det er ikkje henta inn kostnad på arbeidet, då det er vanskeleg å anslå kostnad utan ein befarings/anbudsrunde. Hovudusikkerheita knytt til kostnad er knytt til ljøs og lengda knytt til kabling mellom straumuttak og ljospunkt. 70.000-100.000,- er eit anslag, endeleg kostnad må hentast inn ved anbod.

Bakaromn kantina

Skulen har ei kantine som nyttast dagleg, og som no må sørge for at alle elevane i ungdomsskulen får gratis skulemat, som er politisk vedtatt. I tillegg må kantina sørge for sal av mat tre gonger i veke til elevane på mellomtrinnet som ønsker det. Med den omnen ein har i dag, maktar ein ikkje å møte dei behova som har oppstått. Det er behov for ein stor bakaromn for å effektivisere, og kunne steike opp langt større mengder varer enn det ein kan i dag. Det må vere ein omn som tilfredsstillar krava til omnar ved kantinedrift, som er frittstående og som har den kapasiteten som trengs for å møte behovet. Kostnadane til ein slik omn med stativ er 80.000.

Uteskur/ bod til Fjone barnehage:

I dag lagrer Fjone barnehage uteleiker i gangen på grendehuset. Leikene ligg som hindring for skilta nødutgang. Det er ingen andre plassar å lagre desse uteleikene i bygget som er tilgjengeleg for barna. Dette vil då bli eit HMS tiltak, både for barnehagen og for dei som bruker grendehus/ gymsal privat.

Kostnad: Ca. 30 000 kr.

Auke logopedressurs:

Nissedal kommune har i dag ein logopedressurs på 27%. Denne skal rekke til alle behov både i barnehage, skule og blant vaksne. Det er stadig fleire som får sakkunnig vurdering frå PPT der logopedhjelp er tilrådd. Logopeden skal i tillegg drive førebyggjande i barnehagane og i dei første skuleåra. Slik det er i dag har ikkje logopeden kapasitet til å innfri alle vedtak, og vi må leige inn hjelp utanfrå i store saker. Ein bør auke logopedressursen til 50%.

Kostnad på å auke logopedressursen med 23%: Omlag 150 000 kr årleg

## 2.3 Eining for velferd

### Oppussing av lokala helseavdelinga:

Helseavdelinga sett under eit, har eit behov for ei større oppgradering. Lokala er ikkje godt tilpassa eller egna til dagens krav og bruk. Fysioterapi lokala har areal som er svært lite egna til trening og tilfredsstillende ikkje tilpassingar for rullestolbrukarar. Dei er vanskelege å reinhalde og er i tillegg slitte, mørke og stygge. Kostnad på tiltaket er ikkje berekna.

### Innføring av Mobil Omsorg på Kåsa bu- og avlastning:

Ta i bruk eksisterande teknologi for oppgåvefordeling og rapportering i fagsystem.

Kostnad:

Utstyr Kr. 30.000,-

Opplæring Kr. 20.000,-

Totalt Kr. 50.000,-

### Ergoterapeut:

Frå 2020 vert det lovpålagt med ergoterapeut i kommunen. Ein ser på moglege samarbeidsformer i Vest-Telemark. Ergoterapeut er ein beskytta tittel og dette er ein kompetanse som gjer at kommunen kan få til ein betre og meir kreativ bruk av hjelpemidlar, slik at personar kan bu lengre heime med mindre hjelp. Det nyttar ikkje å seie at vi har ein fysioterapeut som kan gjere noko av desse oppgåvene, då kravet om ergoterapeut er det som er gjeldande. Realistisk å tenke 20-40% stilling. Kostnad Kr.130 – 260.000,-

### Styrking av psykisk helseteneste:

Norske kommunar med innbyggjartal på under 2000 brukar i snitt 3,7 årsverk i tenesta for psykisk helse per 1000 innbyggjar (SINTEF). Dersom vi skulle brukt snittet som grunnlag, skulle Nissedal Kommune med ca 1400 innbyggjarar hatt omlag 5 årsverk i denne tenesta. I Nissedal har vi 1,6 årsverk.

Kvifor er det slik? Er det færre med behov for oppfølging i forhold til psykisk helse og rus i Nissedal? Tenesta opplever det ikkje slik! Det er mange som tek kontakt med tenesta med ynskje om oppfølging, men med ressursane kommunen har i dag er det vanskeleg å dekke behovet.

På landsbasis har det vore store endringar innanfor psykisk helse og rus dei siste åra. Tenestetilbodet i spesialisthelsetenesta har blitt kutta og talet på døgnplassar er redusert. Målet er at fleire skal få hjelp lokalt, der dei bur, i kommunane. Dette gjeld både innanfor psykisk helse og rusoppfølging. Det blir stilt større krav til kommunal oppfølging, men i Nissedal har ikkje tenesta blitt styrka dei siste åra.

Ein ser at tenesta treng styrking inn mot fleire målgrupper innanfor psykisk helse og rus.

- **Personar med alvorleg psykisk sjukdom.** Det er eit viktig prinsipp, at dei som har størst behov, bør få mest hjelp. Denne brukargruppa er kanskje ikkje så synleg for andre, men tenesta kjenner målgruppa godt. Dei står ikkje på barrikadane og ber om hjelp. Her må ein ofte jobbe oppsøkande. Denne brukargruppa treng langvarig og tett oppfølging. Det har i seinare tid vore fleire episodar der personar med psykisk sjukdom har utøvd vald. Vi må sørge for at dei med store behov får eit godt tilbod i Nissedal kommune! Det er viktig for den einskilde, men også for omgjevningane!
- **Kommunalt rusarbeid.** Personar med helseutfordringar knytt til rus blir også i større grad følgt opp i kommunane. Dei siste åra har det vore ei auke i tilvisingar frå personar som ynskjer hjelp i samband med rusutfordringar. Nissedal kommune bør prioritere å gje denne brukargruppa god oppfølging. Vi bør også tilby ettervern for dei som har behov for det. Ein skal tru det sit ganske langt inne å be om lokal hjelp til oppfølging av rusproblematikk. Når innbyggjarar i Nissedal nå gjer det, bør kommunen ta seg råd til å kunne følgje dei opp på ein god måte. I tråd med opptrappingsplan for rusfeltet (2016-2020) har det ikkje vore ei auke i ressursane i den kommunale tenesta i Nissedal.

- **Oppfølging av unge vaksne som fell utanfor utdanning og arbeid, eller står i fare for å falle ut av arbeid og utdanning.** Kommunal psykisk helseteneste har hatt ei auke i tilvisingar frå unge vaksne som på grunn av psykiske helseplager eller rusproblematikk strevar med å gjennomføre utdanning eller vere i ordinært arbeidsliv. Nissedal ligg høgt på statistikken over dei som ikkje gjennomfører vidaregåande skule (33% i 2020). Det er derfor grunn til å tru at det framleis vil vere eit trykk på tenester til denne brukargruppa i tida framover.
- **Barn, unge og familiar.** Regjeringa har varsla at tidleg innsats til barn og unge vil vere ei viktig satsing i ny opptrappingsplan for psykisk helsearbeid i kommunane ( 2024-2028). I arbeid med barn, unge og familiar vil det vere viktig med tidleg innsats og godt samarbeid med andre instansar. Vi ser også lokalt eit stort behov for å styrke denne tenesta.

Psykisk helseteneste har i dag 25 vaksne som får oppfølging individuelt, i tillegg til 15 barn og unge og familiar. Behovet for ei styrking er stort, da det også er venteliste. **Skal Nissedal nærme seg gjennomsnittskommunen må tenesta styrkast med eit årsverk i fyrste omgang.**

Kostnad:

100 % stillingsressurs - 726.000kr - 750.000 kr.

#### Ventilasjonsanlegg/klimaanlegg NOS - Langtidsavdeling/kjøkken:

Gamle delen av omsorgsbygget (Dvs. alt utanåt skjerma avdeling) har problem med inneklimate pga. av dårleg fungerande/-ikkje fungerande ventilasjons/klimaanlegg. Det har vore investert i strakstiltak med gjennomgang frå eit ventilasjonsfirma som avdekkja feil med styringa på anlegget. Varmeelementa har stått på i tide og utide og om sommaren når det var varmt, slik at pleiarane til tider har jobba under særsl dårleg inneklimate i fleire år. Ventilasjonsfirmaet konkluderte med at ventilasjonsanlegget er gammalt og modent for utskifting. ( Levealder på slike anlegg er ca 25 år) Dei har fått eit betre styringssystem på plass, slik at anlegget nå fungerer betre. Treng likevel ein del innjusteringar framover. Dersom ventilasjonsanlegget nå fungerer betre og at arbeidsforholda vert betre, har ein kanskje kjøpt seg litt tid til å sette av midlar for å ta kostnaden med å bytte ventilasjonsanlegget om 2-3 år i staden for eit strakstiltak neste år. Vi registrerar temperaturar framover for å dokumentere korleis ventilasjonsanlegget fungerer gjennom vintaren og neste sommar.

Vil bli tatt i vare med utbygginga av kjøkken/vaskeri.

#### Nattevaktsteneste heimesjukepleia:

Heimesjukepleia har inga dedikert nattevaktsteneste til brukarar/pasientar ute om natta. Oppdrag her kan vere utrykning til utløst tryggleiksalarm, legge seg til seinare tidspunkt enn før kl. 21, følgje til toalettbesøk om natta osv. Pr. i dag er det berre 2 nattevaktar på NOS. Dersom tryggleiksalarman utløysast må ein av dei 2 rykke ut på denne alarmen. Då er det berre ein tilsett igjen på NOS. Den eine tilsette har ansvar for brannsikkerheita, halde oversikt på alle pasientane slik at dei ikkje kjem seg ut av NOS og har ansvar for all pleia til mange gongar svært dårlege pasientar. Den tilsette som rykkar ut, kan i nokre tilfelle vere borte i fleire timar dersom oppdraget er i utkantane, t.d. på Felle eller Fjone. Vi kjem til å kjøre ROS analyser på hendelsar som kan oppstå på natt, og korleis risikoen aukar dersom det berre er ein tilsett igjen på NOS. Det kjem ikkje til å bli grønne verdiar her. Vi trengjer å auke bemanninga med 1 fagarbeidar i heimesjukepleia på natt, slik at det alltid er minst 2 tilsette på jobb på NOS. Dette for å ivareta brannsikkerheita og pasientsikkerheita.

Skal strategien med at personar skal kunne bu lenger heime nå og framover i tid fungere, er vi avhengig av å få på plass denne ressursen snart. Å kunne få meir hjelp enn alarmoppfølging vil vere essensielt for at pasientane skal oppleve at det er trygt å bu heime, samt at ein ikkje må inn i eit rigid system, der ein t.d. må legge seg tidleg for å få hjelp av heimetenesta.

Kostnad: ca. kr. 1.200.000,-

Nytt sjuke-signalanlegg/pasientvarslingssystem NOS m/adgangskontroll:

Sjuke-signalanlegget er modent for fornying og må erstattast av eit nytt og betre system. Ein treng å følge med i tida og må få tilleggsfunksjonar slik at velferdsteknologi og kan brukast på inne på institusjon. Her har ein allereie prøvd ut litt forskjellig på skjerma avdeling som ikkje har eige sjuke-signalanlegg, ved å utnytte dagens digitale trygghetsalarmar på ein kreativ måte. Døralarmar og tråkkematte er utprøvde tiltak, som ein har sett gjer gode effektar her. Ved å ha fleire avanserte funksjonar, kan ein auke sikkerheita til pasientane ved at ein kan få varslar før hendingar skjer, alle kan få tilpassa ein måte å få varsle om hjelp på osv. I tillegg vil ein satse på adgangskontroll system, som sikrar pasientane mot uønska besøk frå medpasientar og gjere det sikrere for pasientar som ønskjar å ha privatliv slik stort sett alle ønskjer. Adgangskontrollsystemet vil og gjelde tilsette som kan låse seg ut og inn av institusjonen med kort eller elektroniske nøklar tilpassa deira funksjon og med loggsystem. I dag har tilsette som jobbar større stillingar, eigne nøklar til dette føremålet, noko som ikkje alltid fungerer pga slitte nøklar, samt at så mange nøklar i sirkulasjon, gjer moglegheiter for nøklar på avveger. Nytt pasientvarslingssystem vil og kunne brukast i dei 5 nye omsorgsbustadane, der vi har eit krav om etablering av moderne system for varsling.

Husbanken har ei støtteordning der vi vil få tilbake 55% av investeringskostnadane slik det er nå, men ein kan forvente at dette er ein satsingsperiode slik at tilskotet kan forsvinne innan kort tid. Ein bør difor sette i gang med dette prosjektet allereie nå i år, slik at ein ikkje missar denne lukrative støtta.

Mest sannsynleg vil ikkje kostnaden komme før i 2023, då eit pasientvarslingssystem med desse kostnadane må ut på anbud. Men å byrje på søknadsprosessen i år vil sikre at vi kan få tilskotet, sjølv om kanskje ordninga blir tatt bort neste år.

Kostnad:	ca Kr. 1000.000,-
Støtte frå husbanken 55%	- Kr. 550.000,-
Sum investering	<u>Kr. 450.000,-</u>

I tillegg vil det kome lisenskostnadar.

Beinpressapparat til fysioterapitenesta

Fysioterapiavdelinga ser eit stort behov for å investere i eit beinpressapparat. Apparatet bør vere eit fast inventar hos alle fysioterapeutar, da det har stor betydning for gjenopptreningsforløpet til pasientar som er nyopererte i f.eks. hofte og kne.

Kostnad: 40.000 - 50.000kr

## 2.4 Eining for teknisk drift

### Ny mannskapsbil til brannvesenet: PRI. 1

Brannvesenet har i dag to utrykkingskøyretøy, ein tankvogn med 12000 liter med plass til to personer og ein Mercedes Sprinter med skjæreslokkar (ein slags høgtrykkspyler som nyttast til slokkeinnsats) og plass til 5 personer. Ein manglar plass til mannskap ved utrykking og det må nyttast privatbilar for å få ut alle mannskaper. Ein har i dag ikkje ein bli som oppfyller krava som stilles for å setje i verk ein røykdykkerinnsats og ein er avhengig av at tankvogna også er på staden. Sprinteren er liten og det er utfordrande å få med alt utsyr. I tillegg er bilen gamal og sliten, i motbakke klarar den knapt 40 km/t, mens dagens moderne utstyr fint kan holde høg hastighet. Ein må ikkje gløyme at det er sekundane som tel når ein skal redde liv. I tillegg til mannskapenes kunnskap, trening og erfaring, er brannbilen eit av bannmannskapa sine aller viktigaste reiskap i kampen mot flammene. Dei bør være optimalt utstyrt og rigga uavhengig kor i landet ein er.

Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødalarmeingsentralene – seier at ein kvar kommune skal sikre at ein har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemanna, slik at oppgåver pålagt i lovar og forskrifter blir utført tilfredsstillande. Vidare skal forskrifta sikre at brannvesenet er organisert og dimensjonert på bakgrunn av den risiko og sårbarhet som ligg føre. Vest-Telemark Brannvern jobbar i desse dagar saman med deltakerar frå brannvesena på ny ROS-analyse, beredskapsanalyse og førebyggjande analyse. Behovet for ny mannskapsbil vil komme fram av denne analysa.

Krava til ein moderne mannskapsbil er at han skal ha;

- Plass til minst 4 sitjeplassar i tillegg til førarplass
- Minst 2000 liters vasstank med montert pumpe og som oppfyller krava til røykdykkar teneste
- Montert vinsj
- Utstyr for nødvendig brann- og redninginnsats – brann, trafikkulykker og overflateredning er lovpålagte krav og i tillegg kjem dei hendingane som kommunen definerer gjennom sin ROS-analyse (til dømes bistand helse, PLIVO).
- Kapasitet til å drifte permanent montert utstyr uten avbrudd i minst 4 timer

Kostnadane for ein slik bil ligg i dag på 5.000.000 – 5.500.000,-

Kommunen ikkje har lagt til rette for uttak av brannvann i mange av dei store hyttefelta. Dette skal iht. lovverket .....vere eit krav i reguleringsplanar. Dette gjør at ein sliter med å skaffe vatn ved brann, ein må nytte seg av vatn/tjønner i området for å få sløkkevatn, men det tar tid å etablere ei slik forsyning og det er derfor viktig å ha vatn til å både starte innvendig og utvendig slokkeinnsats omgåande og ha vatn fram til alternativ forsyning er etablert. Grunna situasjonen i verden i dag må ein rekne opp mot 3 års ventetid frå bestilling av ny bil til den er levert, det er derfor særst viktig at ein får denne saka inn i budsjettet for 2023.

### Ny traktor: PRI. 2

Det ble i 2019 sett på kostnadane ved å sette bort resten av brøytinga som kommunen sjølv har ansvar for. Konklusjonen er at dette var så dyrt at det ikkje ville vere lønnsamt. Traktoren om i dag nyttast til denne oppgåva er moden for utskifting, dette er påpekt når ein har hatt den på service. Ein reparasjon kan fort kome på 150.000 -200.000,- og i tillegg så vil ein måtte påberegne ekstra konstandar for innleige av anna firma for å gjennomføre kommunen sine brøyteoppgåver, erfaring frå tidlegare er at dette fort blir svært dyrt. Ein har sjekka opp kva det kostar å kjøpe «ny» traktor og kva ein kan forvente i innbytte på den gamle. «Ny traktor» vil koste ca. 900.000,-, også kan det kome ekstrakostnadar på ca. 100.000,- for naudsynet hydraulikkssystem. Ved sal av dagen traktor kan ein forvente å få ca. 200.000,- Kostnad; 800.000,- eks.mva.

Nye sittegrasklipperar til uteavdelinga PRI. 3:

Uteavdelinga sine to sittegrasklipperar er gamle og dette resulterer i svært høge vedlikehaldskostnadar og det går bort mykje til reparasjon. I 2021 og 2022 har ein nytta ca. 50-60 000 kr bare i delar og reparasjonar, samt at ein av vaktmeistrane har buka mange timar på å reparere dei. Det er derfor stort behov for å få nye klipperar. Kostnad; ca. kr. 250.000 inkl. mva.

Uteområde Mila:

Asfalten på parkeringsplassen og gangvegar inn til bygget er blitt svært kupert. Det er særst vanskeleg for rullestolbrukarar å komme seg fram og bilane blir øydelagt av dei store synkehulla på parkeringsplassen. Det må masseutskiftas å leggast ny asfalt. Kostnad; ca. kr. 150 000 inkl. mva.

Generelt vedlikehald kommunale bygg:

Bygningsvedlikehaldet er mye mindre enn slitasjen på bygga. Dette inneber ei verdiforringing av bygningsmassa. Det er eit stort etterslep på mange av dei kommunale bygga, dagens og vedlikehaldsbudsjett held ikkje ein gogn til å dekke vedlikehald som er absolutt naudsynt. Eksempel på utbetringar som som absolutt skulle vert gjort;

- Utvendig kledning på Mila må beisast før det er for seint,  
*Kostnad; ca kr. 160 000 inkl. mva.*
- Solskjerming, vinduer og ny kledning på deler kommunehuset, måling og impregnering av stein  
*Kostnad; ca. kr. 1 000 000 inkl. mva.*
- Ny ventilasjon m/kjøling i heile i kommunehuset.  
*Kostnad; ca. kr 2 500 000 inkl. mva.*
- Skifte tak på Fjonecafen. Taket er i svært dårleg forfatning. *Kostnad; ca. 450 000 inkl. mva. + eventuell råteskader.*
- EL-tavla på NOS er gamal og bør skiftast ut.  
*Kostnad; ca. kr 400 000 inkl. mva.*
- Varmepumpe Kåsa, har vært i ustand i mange år. Reperasjon vil være tent inn i løpet av 2 år i høve Ventec AS  
*Kostnad; kr. 50 000- 90 000 inkl. mva.*
- Temperaturproblematikken i fleirbrukshuset. Det er for kaldt i kinosalen og for varmt i spinningsrommet. Dette er på grunn av det er same anlegg som server begge lokala. For å få orden på dette er beste og rimelegaste løysing å montere ein varmpumpe som kjøler i spinningsrommet og auke temperaturen i kinosalen.  
*kr. 33 000 inkl. mva*
- Utbetre varmestyringa på ventilasjonen i Fjone barnehage. Denne reparasjonen er viktig for brukarane av bygget og me vil spare mykje straum.  
*Kostnad; ca. kr. 30 000 inkl. mva.*

Det bør årleg setjast av ein sum som skal nyttast til å gjennomføre større vedlikehaldsoppgåver på kommunale bygg. Kostnad; kr. 500.000 inkl. mva. pr år.

Ny bil til uteavdelinga:

Bilparken begynner å bli gamal og det er på sikt behov for å skifte ut ein gamal Hiace. Kostnadane for å kjøpe inn ein liknande bil er på omlag 600.000,- Ein vil be om fritak frå kommunestyre sitt vedtak om at alle kommunale bilar skal vere elektriske. Grunngevinga for dette er at dette også er ein bil som nyttast til ulike formål under gjennomføring av arbeidsoperasjonar. Tildømes for å skaffe belysning ved utføring av arbeid på veg ol. Det vil også vere behov for ein lang kassebil sidan den som er tenkt bytta ut i dag nyttast til kjøring av hjelpemidlar.

### Fartsdumper Kåsa-Solli:

Fartsdempande tiltak etter klage på høg fart på Sollivegen. Utarbeide tre stk. fartsdumpar, utforma iht. handbok og skilting ca. kr. 70 000 ekskl. mva. stk. Her kan me søke om midlar frå ein trafiksikkerheitsordning. Kostnad; ca. kr. 300 000 inkl. mva.

### Diverse gateljos i Kyrkjebygda:

I Framnes byggefelt står det igjen noe arbeid med jording på noen gateljos og så manglar det ljøs i stolpen i langbakken. Ein er usikker på kostnaden.

Kostnad; Usikker (kr. 130 000 inkl. mva.)

## 2.5 Plan og næring

### Aktivitetsbru og klatrehall i Treungen sentrum:

Det blir jobba med å realisere ei aktivitetsbru i Treungen sentrum. Målsettinga med brua er å skape aktivitet, koble saman sentrum og Sommarsletta og å legge til rette for ein sikker veg for mjuke trafikantar. Nå er Tveitsund bru trafikkfarleg for mjuke trafikantar og ein flaskehals for trafikken på RV 41.

Det blir også jobba med å realisere ein klatrehall i den gamle lokstalen på Sommarsletta.

Både klatrehall og bru har blitt prosjektert, og neste fase i prosessen vil vere å søkje om eksterne midlar til finansiering.

For å best mogleg nytte seg av eksterne midlar, ynskjer ein å halde fram med å nytte FAUN naturforvaltning AS som konsulentar inn i prosjektet.

Dei har til nå fått inn 2 mill. kr inn i prosjektet, 800.000 til finansiering av prosjektering, og 1.2 mill til realisering av klatrehall. Å halde fram med å få konsulenthjelp til ekstern finansiering vil vere av stor betydning for vidare framdrift.

Kostnad til bruk av konsulent for ekstern finansiering: 100.000

### Klatrehall i lokstallen:

Gjennom prosjektering av klatrehall i lokstallen, har ein kome så langt i prosessen at ein må etablere klatrehallen som eit kommunalt prosjekt.

Gjennom ulike søknadsordningar ynskjer ein å finansiere størstedelen av prosjektet med eksterne midlar, men Nissedal kommune må også ta sin del av kostnadane kring utbygging.

Den totale kostnaden på prosjektet er ikkje kjend enno, men ein vil tru rundt 20 mill.

Om Nissedal kommune forpliktar seg til eit tilskot på maks 5 mill. kr, men på vilkår av at resten av utgiften er finansiert med eksterne midlar, vil ein vise at prosjektet har ei kommunal forankring, og dermed lettare å få eksterne midlar.

Kostnad: 5 mill. kr i investeringsbudsjettet med vilkår om at resten av prosjektet er finansiert med eksterne midlar.

### Visit Nissedal – kontinuerleg innhaldsproduksjon til nett og sosiale medier + marknadsføring:

Kommunen og næringslaget har starta arbeidet med oppbygging av *visitnissedal.no* på nett, FB og Instagram for å marknadsføre Nissedal ikkje berre som eit reisemål, men som ein stad det er godt å bu, drive og leve i gjennom heile året.

Sida nyt godt av å vere ein del av Telemark-universet til Visit Telemark, men *visitnissedal.no* må oppgraderast til å få eiga innlogging (Channelsite) slik at sida meir spesifikt presenterer reiseliv, næring og fritidseigedomar i Nissedal.

Det må også setjast av midlar til kontinuerleg drifting av Visit Nissedal (tekst, stillbilde og video til nett og sosiale medier) òg kroner til effektiv marknadsføring retta mot spesifikke målgrupper for å trekke folk til kommunen.

Kostnad investering eiga innlogging (Channelsite) <i>visitnissedal.no</i>	kr 100.000
Årleg fortløpande oppdatering innhald (tekst, foto, video) Visit Nissedal nett + SoMe	kr 200.000
Årleg målretta marknadsføring av kommunen gjennom Visit Telemark	kr 200.000

Kostnadene kjem i tillegg til dagens leveranse av reiselivstenester frå Visit Telemark.